

Årsmelding HIFO Bergen 2015

Mai 2014 til juni 2015

Tillitsvalde:

Styret har sidan mai 2014 bestått av leiar Eyvind Urkedal York, Universitetet i Bergen; nestleiar og kasserar Terje Breigutu Moseng, Universitetet i Bergen; sekretær Magnus Halsnes, Magnus Halsnes, Universitetet i Bergen; skulekontakt Pål Berg Svenungsen, Universitetet i Bergen.

Aktivitetar:

HIFO Bergen har ikkje arrangert eigne faglege aktivitetar sidan førre årsmøte. Årsakene til det og korleis ein bør vurdere dette kan takast opp på årsmøtet.

HIFO Bergen har halde fram med samarbeidet med Bergen Historisk Forum, eit samarbeid som tok til våren 2014. BHF er eit historiefagleg forum med base på Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap (AHKR) ved Universitetet i Bergen. BHF definerer seg som: ein samlingsstad og forskningsseminar med fokus på historisk teori og metode, fagleg sjølvrefleksjon og historiedisiplinens historie. Det er åpent for alle historikarar i Bergensområdet og andre interesserte. BHF blir arrangert i samarbeid med AHKR, UNI Rokkansenteret, Høgskulen i Bergen, Museum Vest og HIFO Bergen.

BHF har som mål å arrangere eit par historiefaglege seminar kvart semester. Denne våren har BHF invitert professor Erling Sandmo frå Universitetet i Oslo til å diskutere Leidulf Melve si bok *Globalhistoriografi. Historie og historieskriving frå ei eldste tider til i dag* (2014), som vart arrangert 8. mai. 12 juni skal Brita Brenna frå Universitetet i Oslo snakke om *Et kritisk blikk på museumssektoren som historiefordlere*.

På årsmøtet til HIFO på Dei norske historiedagane i Oslo i juni 2014 representerte Eyvind Urkedal York HIFO Bergen.

På HIFO sitt lokallagsseminar i Arendal hausten 2014 var Eyvind Urkedal York HIFO Bergen sin representant.

Økonomi:

HIFO Bergen mottok 5000 kroner i lokallagsstøtte frå HIFO sentralt mai 2014. Det har ikkje vore nokon utgifter for HIFO Bergen sidan førre årsmøte, då reiser til representant til HIFO-arrangement har blitt dekt av HIFO sentralt. HIFO Bergen har dermed 5000 kroner til rådighet per juni 2015.

Bergen

Juni 2015, på vegne av styret i HIFO Bergen

Eyvind Urkedal York, leiar